



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2012

Fylkesrådet for funksjonshemmede  
i Sogn og Fjordane



Foto: Rolf M. Sørensen

---

## Årsmelding 2012 – Fylkesrådet for funksjonshemma

---

Fylkesrådet for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp.

Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

Overordna målsetjingar:

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikla funksjonshemma sine rettar
- Fremja desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester.

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart følgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

Norunn Lunde Furnes – politiskar  
Vara: Ragnar Eimhjellen

Odd Atle Stegegjerdet – politiskar  
Vara: Randi Rønnekleiv Melvær

Solfrid Lillebø – ffo  
Vara: Gerd Bjørkedal – ffo

Geir Liavåg Strand – ffo  
Vara: Alfred Brusegard – ffo

Solfrid Fossberg – safo  
Vara: Gry Sætre – safo

Som leiar vart vald: Norunn Lunde Furnes  
Som nestleiar vart vald: Odd Atle Stegegjerdet.

Britt Marie Norheim er tilsett som fylkessekretær/rådgjevar i 50 % stilling. Fylkessekretæren er budsjettansvarleg og har tilvisingsfullmakt til rådet sitt budsjett, samt prosjektrekneskap som kjem inn under fylkesrådet sitt budsjettområde.

Rådet er eit frittståande organ og fylkessekretæren er difor fagleg ansvarleg ovafor leiaren i fylkesrådet. Personaladministrasjon for fylkessekretæren er lagt til fylkesrådmannen.

Fylkesrådet for funksjonshemma har hatt 5 møter og handsama 14 saker. Rådet har også hatt møte med dei kommunale råda i Gloppen og Luster.

Fylkesrådet for funksjonshemma har valt Arbeid for alle – også funksjonshemma i denne perioden. Rådet har difor føreteke synfaringar på ATS, Gaupne og Firda Produkt, Førde.

Av saker rådet har sett søkelyset på er:

### «Universelt utforma kollektivtransporttilbod - Sognebåten

Fylkesrådet for funksjonshemma ser med uro på at Sognebåten atter ein gong skal vurderast om den fortsatt skal vera eit tilbod innan kollektivtransporten frå Sogndal til Bergen. Sognebåten er i dag det einaste kollektivtilbodet som er universelt utforma, det vil sei tilgjengeleg for alle.

Regjeringa har bestemt at Norge skal vera universelt utforma innan 2025 og har utarbeida ein handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013. I kap. 3.3 i handlingsplanen - Transport står det:

« Det overordnede målet er et universelt utformet transportsystem. Et transportsystem som så langt som mulig er brukbart for alle mennesker, uten behov for tilpassing eller spesiell tilrettelegging»

Fylkesrådet viser til målsetjinga i Regjeringa sin handlingsplan om at Norge skal bli eit universelt utforma samfunn innan 2025 . Fylkesrådet kan ikkje godta at fylkeskommunen vurderer å leggja ned det einaste transportmidlet som pr i dag er universelt utforma, tilrettelagt for alle.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane bør vera eit føregangsfylke innan universell utforming og heller vera i forkant av satsinga som eit tilgjengeleg fylke og trygt lokalsamfunn for alle.»

### Høyingskriv - Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Fylkesrådet for funksjonshemma meiner at folkehelse er eit viktig område som bør ha eit eige hovudområde i planen sjølv om ordet folkehelse i tittelen på planen vert teke ut. Folkehelse er nær knytt til både fysisk aktivitet og ernæring. Vi finn det ikkje naturleg at ernæring er sett opp som eige kapittel, men at det vert ein del av eit kapittel om folkehelse i planen.

Fylkesrådet vil elles peike på at det er positivt at ein i planen søker å få meir kunnskap om enkelte temaområde og at ein ønskjer fokus på fysisk aktivitet og ikkje berre fysiske anlegg.

Rådet har desse endringsframlegga:

Pkt. 2.2:

5. kulepunkt:

- Fysisk aktivitet for nye grupper som i dag er lite aktive, **til dømes funksjonshemma, utviklingshemma og eldre.**

Pkt. 5.2 Aktuelle tematiske område.

Fysisk aktivitet:

- Integrere nye grupper –**utjamne sosiale skilnader** (ikkje handtere sosiale skilnader)

Nytt kulepunkt:

- **Barn og unge med funksjonshemming**
- **Auka fysisk aktivitet i skulen**

Friluftsliv:

Nye kulepunkt:

- **Nærmiljøanlegg**

- *Bygge universelt utforma samlingsplassar for friluftsliv i nærleik til skular og barnehagar*
- *Tilrettelagde fiskeplassar*
- *Tilgang til skogsveggar – bommane må vera tilpassa rullestolbrukarar.*

Nærmiljøanlegg:

Nytt kulepunkt:

- *Godt opplyste gang og sykkelveggar*

Idrett:

Ny setning:

- *Fokus frå anleggsbygging til fysisk aktivitet. Korleis sikre at aktivitetsfokuset vert styrka utan at ein legg vekk anleggsfokuset.*

Nye kulepunkt:

- *Høgskuleutdanning – idrett/friluftsliv*
- *Fokus på drift og rehabilitering av idrettsanlegg.*

Nytt punkt:

**Folkehelse**

- *Auka kunnskap om ernæring, særleg blant barn og unge*

-

5.3 Verkemiddel:

- Etablering av friluftsråd *i alle kommunar.*

-----

#### **Deltaking i råd, utval og konferansar:**

Universell transportkonferanse i Molde 17. – 19. september 2012:

Norunn Lunde Furnes

Solfrid Fossberg.

Regional konferanse – politikk for menneske med utviklingshemming i Bergen 30. – 31. mai 2012:

Norunn Lunde Furnes

Odd Atle Stegegjerdet

Britt Marie Norheim

Landskonferansen for fylkesråda for funksjonshemma i Kirkenes 28. – 30. august 2012:

Norunn Lunde Furnes

Odd Atle Stegegjerdet

Solfrid Lillebø

Solfrid Fossberg

Britt Marie Norheim

Kompetasesamling Skei 24.04.12 – universell utforming innan kollektiv transporten:

Norunn Lunde Furnes

Odd Atle Stegegjerdet

Britt Marie Norheim

Universelt utforma drosjer – seminar 21. november 2012 Rica Sunnfjord hotell, Førde:

Norunn Lunde Furnes

Odd Atle Stegegjerdet

Geir Liavåg Strand

Solfrid Fossberg